



Norconsult

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til oppstartsmelding av detaljregulering av Manger barneskule i Radøy.

Vi viser til brev datert 21.06.2019, med varsel om oppstart av detaljregulering for Manger barneskule i Radøy kommune.

Føremålet med planen er å sikra skulen naudsynt areal for mindre utviding og utvikling. Det er mellom anna ynskje om å utvida skuleområdet noko inn i eksisterande friområde. Dette er vurdert som ei mindre endring av gjeldande plan for Manger sentrum (planID 2007000800). Sjølv om endringane har fokus på tilbygg og områda nærast eksisterande bygningar, er planområdet avgrensa slik at det etter endring vert ein heilskapleg plan for skuleområdet. Det skal leggjast til rette for at det som vert grøne areal innanfor planen skal vera tilgjengelege for ålmenta.

Fylkesmannen minner om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd.

Fylkesmannen vil kome med følgjande innspel til meldinga om oppstart:

Slik vi forstår det vil planen opne for at skuleområdet skal utvidast inn i eit område som i dag er regulert til friområde. Planarbeidet må belyse bruken av området i dag og om det eventuelt er naudsynt med erstatningsareal jf rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging.

Etter det vi kan sjå vil barn og unge, folkehelse og friluftsliv i nærmiljøet vere viktige tema i planarbeidet.

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.



På nettsida www.miljokommune.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Fylkesmannen gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent